

Kvartalsrapport 2012

3. kvartal

KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL 2012

Kvartalsrekneskapen er sett opp etter reglane i rekneskapslova av 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar. Utlånsforskrifta av 2004 er nytta i samband med vurdering av utlån og garantiar.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultatrekneskapen

Pr. 3. kvartal i 2012 har Tysnes Sparebank eit resultat etter skatt på 6,373 mill eller 0,88% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanlikna med same periode i 2011 er dette ein resultatauke på 1,702 mill.

Rentemarginen er 14,997 mill og utgjer 2,07% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Same tal for 2011 var 15,616 og 2,22%. Ein forventar låg rentemargin vidare både som fylgje av lågt rentenivå og konkurransetilhøva på utlåns- og innskotssida.

Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter syner ein nedgong på 0,262 mill samanlikna med same periode i 2011 medan samla kostnader ekskl. tap på utlån syner ein nedgong på 0,027 mill. Totale driftskostnader i perioden utgjer 66,1% av sum driftsinntekter mot 63,1% for same periode i fjor.

Tap på utlån er bokført med (2,764) mill så langt i år mot 0,610 mill i fjor. Individuell nedskriving for eit engasjement er delvis tilbakeført etter oppnådd forlik med forsikringsselskap. Banken har ikkje hatt tap på garantiar. Banken sin kredittrisikoprofil skal vera lav/moderat.

Brutto misleghaldne engasjement (90 dagar og eldre) er auka med 0,771 mill til 10,149 mill sidan årsskiftet. Etter reglane er då heile kundens engasjement rapportert sjølv om berre ein mindre del av det er misleghalde. Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement er i same perioden redusert med 1,394 mill til 3,501 mill.

Individuelle nedskrivingar er redusert med 3,100mill og gruppenedskrivingar er auka med 0,200 mill sidan årsskiftet. I same tidsrom er det inntektsført 0,155 mill som renteinntekt på lån med individuell nedskriving.

Skatt på ordinært resultat pr. 30/9 2012 er berekna til 2,456 mill.

Balansen

Forvaltningskapitalen i Tysnes Sparebank er 992,099 mill pr. 30/9 2012. Dette er ein auke på 22,991 mill samanlikna med same periode i 2011 og ein auke på 16,238 mill sidan 31/12 2011.

Netto utlån til kundar er auka med 10,239 mill. sidan årsskiftet til 848,788 mill. Utover dette har banken utlån via Terra Boligkreditt AS på 117,242 mill., ein auke i år på 45,216 mill. Innskot frå kundar er auka med 34,599 mill. til 823,444 mill.

Obligasjonsbeholdninga er i perioden omklassifisert frå anleggsmidlar til omløpsmidlar og er redusert med 0,528 mill. sidan årsskiftet. Beholdninga er samla vurdert til lågaste verdi av marknadsverdi og kostpris.

Ledige likvide midlar er plassert som innskot i andre bankar.

Eigenkapital

Banken har ein eigenkapital på 95,638 mill medrekna resultat for perioden. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 9,63.

Kapitaldekning

Frå og med 2008 gjeld nye reglar for kapitaldekning i samsvar med Basel II. Minstekrav til dekning herunder er 8%. Tysnes Sparebank har pr. 30/9 2012 ei kapitaldekning på 16,07% ekskl. resultat i perioden.

Tysnes, 29. oktober 2012
i styret for Tysnes Sparebank

Leif Magne Hovland (sign)
leiar

Bente Raknes (sign)
nestleiar

Vidar Høviskeland (sign)

Merete Flakke (sign)

Agnethe Brekke (sign)

Britt Ersvær (sign)

Siri Berggreen (sign)
banksjef

Resultatrekneskap

Beløp i heile tusen			% av gj.sn.forvaltningskapital			
30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011	30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011	
30.792	29.933	40.634	Renteinntekter og liknande inntekter	4,24	4,25	4,27
15.795	14.317	19.908	Rentekostnader og liknande kostnader	2,18	2,03	2,09
14.997	15.616	20.726	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,07	2,22	2,18
205	417	417	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,03	0,06	0,04
3.460	3.782	5.198	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,48	0,54	0,55
927	1.199	1.607	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	0,13	0,17	0,17
100	77	111	Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	0,01	0,01	0,01
56	79	102	Andre driftsinntekter	0,01	0,01	0,01
2.894	3.156	4.221	Netto andre driftsinntekter	0,40	0,45	0,44
17.891	18.772	24.947	Sum driftsinntekter	2,47	2,67	2,62
8.221	8.033	11.515	Løn og generelle administrasjonskostnader	1,13	1,14	1,21
675	675	900	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	0,09	0,10	0,09
2.930	3.145	3.939	Andre driftskostnader	0,40	0,45	0,41
11.826	11.853	16.354	Sum driftskostnader	1,63	1,68	1,72
6.065	6.919	8.593	Resultat av ordinær drift før tap	0,84	0,98	0,90
(2.764)	610	2.201	Tap på utlån, garantiar m.v.	(0,38)	0,09	0,23
-	(42)	(42)	Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	(0,01)	(0,00)
8.829	6.351	6.434	Resultat av ordinær drift før skatt	1,22	0,90	0,68
2.456	1.680	1.966	Skatt på ordinært resultat	0,34	0,24	0,21
6.373	4.671	4.468	Resultat av ordinær drift etter skatt	0,88	0,66	0,47

Balanse

Beløp i heile tusen			
	30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011
Eignelutar	992.099	969.108	975.861
Kontantar og krav på sentralbankar	57.053	37.068	57.311
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	29.470	42.129	23.240
Brutto utlån til og krav på kundar	857.723	843.500	850.384
- Nedskrivningar på utlån	8.935	10.235	11.835
Netto utlån til og krav på kundar	848.788	833.265	838.549
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	30.156	30.883	30.684
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	9.120	7.366	7.760
Immaterielle eigneluter	28	-	28
Varige driftsmidlar	11.921	12.821	12.596
Andre eigneluter	81	55	18
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	5.482	5.521	5.675
Sum eigneluter	992.099	969.108	975.861
Gjeld og eigenkapital	992.099	969.108	975.861
Gjeld til kredittinstitusjonar	50.000	84.042	90.000
Innskot frå og gjeld til kundar	823.444	776.617	788.845
Anna gjeld	6.876	4.636	5.193
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	15.220	13.127	1.637
Avsetjing for pålopte kostnader og forpliktelsar	921	1.020	921
Sum gjeld	896.461	879.442	886.596
Opptent eigenkapital	89.265	84.995	89.265
Udisponert overskot	6.373	4.671	
Sum eigenkapital	95.638	89.666	89.265
Sum gjeld og eigenkapital	992.099	969.108	975.861
Postar utanom balansen			
Garantiar	28.582	22.895	21.402
Bokført verdi av eigneluter stilt som sikkerhet for pantegjeld o l	30.123	30.838	30.643

Kvartalsvis resultat

Beløp i heile tusen

	3.kvartal 2012	2.kvartal 2012	1.kvartal 2012	4.kvartal 2011	3.kvartal 2011
Renteinntekter og liknande inntekter	10.152	10.253	10.387	10.701	10.445
Rentekostnader og liknande kostnader	4.992	5.238	5.565	5.591	5.290
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	5.160	5.015	4.822	5.110	5.155
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	-	161	44	-	-
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.242	1.135	1.083	1.416	1.412
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	333	304	290	408	421
Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	29	50	21	34	50
Andre driftsinntekter	11	10	35	23	28
Netto andre driftsinntekter	949	1.052	893	1.065	1.069
Sum driftsinntekter	6.109	6.067	5.715	6.175	6.224
Løn og generelle administrasjonskostnader	2.570	2.569	3.082	3.482	2.672
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	225	225	225	225	225
Andre driftskostnader	865	645	1.420	794	974
Sum driftskostnader	3.660	3.439	4.727	4.501	3.871
Resultat av ordinær drift før tap	2.449	2.628	988	1.674	2.353
Tap på utlån, garantiar m.v.	(487)	(2.314)	37	1.591	591
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	-	-	-	(42)
Resultat av ordinær drift før skatt	2.936	4.942	951	83	1.804
Skatt på ordinært resultat	850	1.340	266	286	505
Resultat av ordinær drift etter skatt	2.086	3.602	685	(203)	1.299

Noteopplysningar

Beløp i heile tusen

	30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011
Tapskostnad			
Periodens endring i individuelle nedskrivningar	(3.100)	500	5.400
Periodens endring i nedskrivning av grupper av utlån	200	-	(3.300)
Periodens konstaterte tap på lån med tidlegare nedskrivning	100	100	100
Periodens konstaterte tap på lån utan tidlegare nedskrivning	104	101	101
Periodens inngang på tidlegare perioders konstaterte tap	(68)	(91)	(100)
Periodens tapskostnader	(2.764)	610	2.201
Herav periodens tap på garantiar	-	-	-
Endring i individuelle nedskrivningar			
Individuelle nedskrivningar pr. 01.01	7.835	2.435	2.435
Periodens kostaterte tap på utlån som tidlegare er nedskrivne	(100)	(100)	(100)
Auke i nedskrivningar	250	-	-
Nye nedskrivningar	-	600	5.500
Tilbakeførte nedskrivningar	(3.250)	-	-
Individuelle nedskrivningar ved utgangen av perioden	4.735	2.935	7.835
Herav spesifisert tapsavsetjing garantiansvar	-	-	-
Endring i gruppenedskrivningar			
Gruppenedskrivningar pr. 01.01	4.000	7.300	7.300
Endring i perioden	200	-	(3.300)
Gruppenedskrivningar ved utgangen av perioden	4.200	7.300	4.000
Herav uspesifiserte tapsavsetjingar garantiansvar	-	-	-
Misleghald			
Brutto misleghaldne engasjement (over 90 dagar)	10.149	8.590	9.378
Individuelle nedskrivningar	(2.950)	(600)	(5.500)
Netto misleghaldne engasjement	7.199	7.990	3.878
Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement	3.501	5.028	4.895
Individuelle nedskrivningar	(1.785)	(2.335)	(2.335)
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement	1.716	2.693	2.560
Kapitaldekning			
Berekningsgrunnlag kapitaldekning	536.725	534.500	538.184
Netto ansvarleg kapital	86.258	82.354	86.258
Kjernekapital	86.258	82.354	86.258
Kapitaldekning i prosent (eksklusive periodens resultat i perioderekneskapan)	16,07 %	15,41 %	16,03 %